



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Rådhuset, Larsnes

Dato: 21.10.2020
Tid: 09.30 – 12.15

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Elisabeth Kirkholm	Leiar	H
Silje Ekroll Riborg	Nestleiar	Sp
Hilde Iren Sætre	Medlem	H
Torbjørn Rekdal	Medlem	Frp

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn		
Kenneth Rusten	Medlem	TvP

Varamedlemmar som møtte:

Namn		
------	--	--

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Olav Myklebust	Ordførar. I sak 42,43, 51, 49 og deler av 50.
Anders Norvald Hammer	Kommunedirektør. I sak 49, 50 og 51.
Edvard Rekdal	Hovudverneombod. I sak 51.

SAKLISTE

- SAK 42/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 43/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 44/20 MELDINGAR
- SAK 45/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 46/20 REVISJONSPLANLEGGING 2020 - FINANSIELL REVISJON
- SAK 47/20 ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISJONEN
- SAK 48/20 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021
- SAK 49/20 SPØRSMÅL OM HABILITET FOR SAKSBEHANDLAREN SIN SAMBUAR
- SAK 50/20 PRIVAT BRUK AV KOMMUNALT SKULEBYGG
- SAK 51/20 ORIENTERING FRÅ HOVUDVERNEOMBODET
- SAK 52/20 BARNEVERNSTENESTA – TILSYNSRAPPORT AV 06.07.2020

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
42/20	033	13.10.2020	21.10.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene vert tatt i denne rekkefølga: 42, 43,51, 49, 50, 44, 45, 46, 47, 48 og ny sak 52 vedkomande barnevern, jf. Sak 44 vedlegg 3.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Hilde Iren Sætre.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
43/20	049	13.10.2020	21.10.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 09.09.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 09.09.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
44/20	033&17	13.10.2020	21.10.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

I møtet

Kontrollutvalet synes rapporten var urovekkande og er bekymra over det som vert lagt fram i rapporten. Jamfør vedlegg 3.

Vedlegg

1. Frå nettavisa kommunalrapport, av 07.09.2020 «Ikke nødvendig å erstatte hele kontrollutvalget selv om lederen får fritak».
2. Frå nettavisa kommunalrapport, av 17.08.2020. «Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stiller på møte».
3. Rapport frå tilsyn med den interkommunale barneverntenesta for Hareid-Sande-Ulstein-Volda og Ørsta sitt arbeid med undersøkingar 2020, av 06.07.2020.
4. Dokument, av 18.09.2020. «Vurdering av uavhengigheit».
5. Frå bladet Kommunerevisoren. «Kontrollvettreglene».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
45/20	033&58	13.10.2020	21.10.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside - <https://innsyn.sande-mr.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=51&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet:	19.05		
Arbeidsgruppe for miljøtiltak i jordbruket:	25.06	27.08	17.09
Arbeidsgruppe forvaltningsplan hjortevilt:		21.09	
Eldrerådet:	11.05	28.09	
Evalueringsgruppe Skulestruktur:	10.02		
Formannskapet:	17.07	01.09	06.10
Helse- og oppvekstutvalet:	24.08	30.09	
Kommunestyret:	30.06	08.09	
Næring-, teknisk- og miljøutvalet:	26.08	29.09	
Råd for likestilling av funksjonshemma:	24.08	29.09	
Ungdomsrådet:	24.08		
SSR IKS – styret	05.05		
SSR IKS – representantskapet	14.05		

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
46/20	216	13.10.2020	21.10.2020	KS

REVISJONSPLANLEGGING 2020 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende «Revisjonsplanlegging 2020 – finansiell revisjon», for Sande Kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.

I møtet

Det vert reist spørsmål om å stenge møtet ved revisor sin gjennomgang av planleggingsdokumentet.

Sekretariatet og revisor gjorde greie for grunnlaget for at møtet burde stengast. Ein gjennomgang i ope møte vil føre til at dei organ som skal kontrollerast vil få innsyn og kunne påvirke muligheita for forsvarleg kontroll.

Både debatten og avstemminga om lukking av møtet vart gjort i ope møte. Kontrollutvalet vedtok å stenge møtet md heimel i KommuneLOVA § 11-5 3.lekk b). Jf. Offl. §24. 1. lekk

Oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu orienterte frå planleggingsdokumentet, som vart delt ut og samla inn igjen. Ho svara og på spørsmåla som kom opp.

Etter orienteringa frå revisor vart møtet opna igjen.

Vedlegg

1. Revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. Motteke 01.10.2020.
Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.) Vil bli utdelt i møtet.

Saksopplysningar

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for 2020, for å sikre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet består av flg. informasjon: **(unnateke off. innsyn):**

- Oppdragsvurdering
- Beskrivelse av virksomheten
- Risikoanalyse
- Bemanning og budsjettert timeforbruk
- Fastsetting av vesentlighetsgrense

Halldis Moltu vil vere til stades i møtet. I den grad det er ønskeleg vil ho gå gjennom dokumentet og svare på spørsmål. Møtet vert i så fall lukka.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
47/20	216	13.10.2020	21.10.2020	JS

ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISJONEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Engasjementsbrevet frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS for Sande kommune, datert 15.09.2020.

I møtet

Oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu orienterte og svara på spørsmål.

Vedlegg

1. Engasjementsbrevet frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon for Sande kommune datert 18.09.2020.
2. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Saksopplysningar

Ny kommunelov fører til endringar i føresegnene om revisor sine oppgåver frå og med rekneskapsåret 2020. Ein viser her til kapittel 24 særleg om:

- Budsjettpremisser - Kommuneloven (KL) §§ 24-5, 3 ledd, 24-6, 3. ledd og § 24-8, 2. ledd bokstav e samt siste ledd
- Skriftlige påpekninger fra regnskapsrevisor - kommuneloven § 24-7
- Eierskapskontroll - KL § 24-2 Revisors ansvar og myndighet
- Konsolidert årsregnskap – KL § 14-6

Hensikta med engasjementsbrev er å teikne ned vilkåra for oppdraget og kommunisere dette med oppdragsgivar, noko som skal sikre ei felles forståing for arbeidsoppgåver og ansvar mellom revidert part og revisor.

Adressat for styring og kontroll er delt på ein nokon annan måte i kommunal sektor enn i private verksemdar. Kommunestyret er kommunen sitt høgaste organ, jf. KL § 5-3.

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll på kommunestyret sine vegne, jf. KL § 23-1. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre den løpande kontroll med den kommunale forvaltning, jf. KL § 23-2. På dette grunnlag har kontrollutvalet eit påsjå-ansvar overfor revisjonen. Jf. også Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 c. Engasjementsbrevet for revisjon av kommunen skal sendast til kontrollutvalet, med kopi til kommunen. Det same gjeld for kommunale foreta, då med likelydande brev til kontrollutvalet og styret i foretaket.

Med mindre det skjer endringar den reviderte eininga eller i revisjonen, er det nok å utarbeide engasjementsbrev ved byrjinga av kvar valperiode.

Vi viser til vedlagde engasjementsbrev for Sande kommune frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Den er i samsvar med retningslinene som Norges Kommunerevisorforbund tilrår til bruk.

Vi viser elles til sjølve engasjementsbrevet som omhandlar dette:

1. Innleiing
2. Revisjonen – formål og innhald
3. Innsynsrett og teieplikt
4. Rapportering og dialog
5. Personvern
6. Andre tenester

Revisor vil vere til stades i kontrollutvalet sitt møte og kan gi forklaringar og utfyllande opplysningar.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
48/20	151	13.10.2020	21.10.2020	JS

BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2021 må ha ei ramme på kr 105.000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2021, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2021 blir på om lag kr 693.000.

I møtet.

Sekretariatet viste til brev frå Departementet av 15.10.2020 vedkomande budsjettbehandling for kontrollarbeidet. Dette vil følge saka vidare.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven §14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Utdrag frå KOSTRA rettleiaren som skal gå fram på funksjon 110:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

Kontrollutvalet

	2021	2020
Møtegodtgjersle	30.000	
Tapt arbeidsforteneste	14.000	
Arbeidsavgivaravgift	5.000	
Kontormateriell	1.000	0
Diverse utgifter		
Avgifter, gebyrer, lisenser og liknande.	0	4.000
Kursutgifter	40.000	50.000
Reiseutgifter, oppgåvepliktig	.500	
Diettgodtgjersle, oppgåvepliktig	.500	
Km godtgjersle skattepliktig del	.500	
Reiseutgifter, ikkje oppgåvepliktig	8.000	
Lisensar	.500	
Kontingentar	5.000	
Moms-utgift drift med kompensasjon	.500	417
Kompensasjon for meirverdiavgift	-.500	-417
Sum	105.000	

Kontrollutvalet tilrår eige budsjett som vert vedteke av kommunestyret.

Ein har for 2020 ikkje fått oppgitt fullstendig budsjett.

For 2021 er lagt inn for 6 møte, utan at talet på møte er planlagt.

Sekretariatet

	2021	2020
Vest kontroll Kommunalt oppgåvefelleskap	191.000	239.000

Styret tilrår budsjettet som vert vedteke av representantskapet. Det er då ein årleg bindande fastpris.

Revisjonen

		2021	2020
	Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	397.000	403.000

Styret tilrår budsjettet som vert vedteke av representantskapet.

Budsjettet vert utrekna etter brukt tid for dei siste fem åra og betalinga skjer etter timeforbruk, med pris fastsett av representantskapet. Budsjettet beløp vil aldri stemme med reelt forbruk, men gi meir ei oversikt, der det reelle kan verte både meir og mindre enn det oppsett budsjett. I summen inngår rekneskapsrevisjon, etterlevelserrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, tippemiddelrekneskap, oppmøte i kontrollutval og kommunestyre samt mindre konsulentoppdrag. Dvs. samla utbetaling til revisjonen for det aktuelle år. I denne samanheng kan nemnast at rekneskapen for 2019 viser kr 387.789 og for 2018 kr 379.987. Budsjett for 2020 viser kr 380.000, medan vedteke av representantskapet er kr 403.000.

Totalt budsjett for kontrollarbeidet

		2021	2020
	Samla	693.000	

Opplæring

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for» I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjettamma til tilsynsorganet.

(Kontrollutvalsboka 2016:16)

Saksgang

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal **uendra** følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om kontrollordninga sitt budsjett.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
49/20	047	13.10.2020	21.10.2020	JS

SPØRSMÅL OM HABILITET FOR SAKSBEHANDLAREN SIN SAMBUAR

Samrøystes vedtak:

Habilitetsspørsmålet for eit formannskapsmedlem der sambuaren har tilrettelagt grunnlaget for avgjerda må vurderast konkret frå sak til sak opp mot reglane om inhabilitet ved «særegne forhold».

I møte

Ordørar Olav Myklebust og dagleg leiar Jostein Støylen i Vest kontroll orienterte og svara på spørsmål.

- Opplysningsplikt i høve forvaltningslova.
- Det vert gjort ei vurdering i kvart enkelt tilfelle.
- Ingen skam å være inhabilt, det er ein sikkerheit.

Vedlegg

1. Følgjande dokument frå kontrollutvalet si sak 41/20:
 - Notat av 05.10.2020 frå juridisk rådgjevar Kjetil Kammen
 - Forvaltningslova § 6 og kommunelova § 10-1
2. Vurdering frå advokat Martin DA i JUDICIA DA

Saksopplysningar

I møte 09.09.2020, sak 34/20, gjorde kontrollutvalet slikt vedtak :

«3.Kontrollutvalet ber sekretariatet få ei juridisk vurdering av habiliteten i formannskapet for kona/sambuar til teknisk sjef når han framstår som saksbehandlar.»

Forvaltningslova har i § 6 andre ledd ein regel som kan medføre inhabilitet dersom det ligg føre «særegne forhold» hjå den som skal treffe avgjerd i ei forvaltningssak, gjerne medlemene i formannskapet.

At eit bestemt utfall i saka kan vere til fordel eller ulempe for formannskapsmedlemet sin ektefelle, i dette tilfelle teknisk sjef som har tilrettelagt grunnlaget for avgjerda, vil i prinsippet kunne falle inn under «særegne forhold» som kan føre til inhabilitet.

Habilitetsspørsmålet skal alltid vurderast for dei som tilrettelegg grunnlaget for ei avgjerd, for eksempel teknisk sjef. Vert han vurdert å vere inhabil, vil han ikkje opptre som saksbehandlar. Kontrollutvalet sitt spørsmål gjeld såleis berre for tilfelle der teknisk sjef sjølv er habil til å tilretteleggje grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei forvaltningssak.

Vurdering

Advokat Kjetil Kvammen har utarbeidd eit notat som fylgjer **vedlagt**. Sekretariatet syner til dette og vil særleg framheve følgjande:

Ekteskap og faste samlivsformer utanom formelt ekteskap vert likestilte i høve til spørsmålet om inhabilitet.

Spørsmålet om det ligg føre «særegne forhold» på grunn av dei interessene ein sambuar har må vurderast frå sak til sak.

I dette tilfelle gjeld saka nærståande til teknisk sjef. Det er kommunedirektøren som er overordna teknisk sjef og tilrettelegginga av saka skjer på vegne av rådmannen.

Til vanleg vil det vere vanskeleg å peike på om avgjerda i den enkelte saka kan tenkjast å «innebere særlig fordel, tap eller ulempe» for teknisk sjef, utanom det som elles ville kunne føre til inhabilitet hjå han sjølv. Generelt vil ingen kjenne til kva underliggjande personlege preferansar den enkelte saksbehandlar har når det gjeld utfallet i ei sak. Til vanleg vil heller ikkje saksbehandlaren sin sambuar ha, eller vere påverka av, slik kunnskap.

Avslutning

Tilhøve kring habilitetsspørsmålet er, som ein ser av vedlegga, vurdert av to uavhengige advokatar (kontrollutvalet/sekretariatet sin advokat og kommunen sin advokat) utan at desse har hatt kvarandre sin vurdering. Vurderingane er samstemte.

Det er ingen automatikk i at sambuar til teknisk sjef er inhabil i saker som teknisk sjef har behandla. Habilitet for formannskapsmedleimen som er sambuar til teknisk sjef må vurderast frå sak til sak.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
50/20	047	13.10.2020	21.10.2020	JS / KK

PRIVAT BRUK AV KOMMUNALT SKULEBYGG

Vedtak:

Med grunnlag i kommunedirektøren si tilbakemelding til saka av 19.10.2020 og orienteringa i møtet trekker kontrollutvalet saka.

I møtet

Torbjørn Rekdal kom med følgande forslag til vedtak:

Med grunnlag i kommunedirektøren si tilbakemelding til saka av 19.10.2020 og orienteringa i møtet trekker kontrollutvalet saka.

Med grunnlag i kommunedirektøren si tilbakemelding til saka av 19.10.2020 til saka og orienteringa i møtet, trekte sekretariatet si forslag til innstilling og la fram slik ny forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunedirektøren i si tilbakemelding legg til grunn at ein ved utleige av klasserom i Sandsøy skule vil gjevast klare retningsliner for smittevern mot Covid-19. Det same går fram av sak 52/20 i Nærings, teknisk og miljøutvalet sitt møte den 26.08.2020. Det går vidare fram at kommunedirektøren si tilbakemelding at aktuelle rom må klargjerast før eventuell utleige. Kontrollutvalet registrerer at det enno ikkje er inngått avtale om utleige.
2. Kontrollutvalet oppmodar kommunedirektøren om å få klargjort retningsliner for utleige av skulebygningar som ikkje er i bruk meir.

Sekretariatet sitt opprinnelege forslag til innstilling som vart trekt:

Kommunestyret opphevar vedtaket i Nærings-, teknisk og miljøutvalet og bed om ny administrativ behandling av saka.

Utvalet gikk så til avstemming der Rekdal sitt forslag vart sett opp mot sekretariatet sitt nye forslag til vedtak.

Rekdal sitt forslag fekk 3 røyster og sekretariatet fekk 1 røyst (Elisabeth Kirkholm)

I møte

Dagleg leiar i Vest kontroll orienterte innleiingsvis.

Det var delt ut eit skriv frå kommunedirektøren i møtet som kontrollutvalet gikk i gjennom, skrivet vert lagt ut som vedlegg på heimesida.

Kommunedirektøren orinetererte.

- Har tatt stilling til om saka er forsvarleg utgreidd.
- Teknisk sektor som har ansvar for all eigedom i Sande kommune.
- Teknisk sektor har forvaltningsansvar/driftsansvaret for skulebygget.
- Skulesaka er todelt: Lønn og eigedomsmasse.

Saka vart litt utsett og tatt opp igjen etter sak 46.

Vedlegg

Følgjande dokument frå kontrollutvalet si sak 41/20:

- Utskrift av møteprotokoll 08.09.2020
- Reglar for utleige / utlån av barnehage- og skulebygg i Sande kommune, jfr. sak K-30/08.
- Kopi av brev av 23.08.2020 frå Bjørn Våge til Næring, teknisk og miljøutval
- Notat (udatert) frå Bjørn Våge: «Angående Sandsøy skule – utleige av klasserom»
- Frå sak 52/20 i Næring, teknisk og miljøutvalet

Saksopplysningar og saksutgreiing

I møte 08.09.2020, sak 41/20, gjorde kontrollutvalet slikt vedtak mot ei stemme:

«Kontrollutvalet finn å ville sjå nærare på m.a. saksbehandling og tilhøvet til gjeldande reglar vedtatt av kommunestyret når det gjeld vedtak om avtale om bruk av Sandsøy skule til private føremål»

Det vert vist til opplysningar om faktiske tilhøve slik desse går fram i tilknytning til kontrollutvalssekretariatet sine vurderingar under utvalet si sak 41/20.

Omsyn som vil vere relevante for kontrollutvalet sine vurderingar:

For utvalet vil spørsmålet vere om den administrative tilrettelegginga av avgjerdsgrunnlaget for Næring, teknisk og miljøutvalet den 26.08.2020 har vore tilfredsstillande, alle tilhøve tatt i betraktning.

Fungerande kommunedirektør har gitt uttrykk for å dette ikkje har vore tilfelle. Stemmer dette, kan det liggje føre eit brot på utgreiings- og informasjonsplikta i forvaltningslova § 17.

Kommunestyret sine reglar for utleige er ikkje vurdert. Dei ledige romma synest utan vidare å ha blitt definert som frittstående kommunale lokale under teknisk eining sitt mynde og ansvar. Ei slik organisering ser ikkje til å ha vore praksis tidlegare.

Utkast til leigeavtale var ikkje lagd fram eller utarbeidd. Dette var overlate til Teknisk sektor. Det er elles ikkje leigaren eller leigaren sitt konkrete formål med leiga i seg sjølv som bør ha hovudfokus i dei spørsmåla som er reist.

I Reglar for utleige / utlån av barnehage- og skulebygg i Sande kommune vedtatt 29.04.2008 av kommunestyret går det m.a. fram at

- aktivitetane ikkje må vere «til hinder for undervisninga eller i strid med skule eller barnehagen si målsetjing»

Einingsleiar Ragnhild Våge Støyle har opplyst at siktemålet med reglementet var at det skulle vere foutsigbarheit i høve utleige. Einingsleiar skulle ha kunnskap om kven som til ei kvar tid disponerte bygningane.

Ansvar for utleige vart i tråd med dette delegert til einingsleiar og pkt. 5 i reglementet lyder slik:

«Samarbeidsutvalet står for utleige/utlån, og kan gje utfyllande reglar for bruken av roma. Einingsleiar / styrar får av SU delegert utleigeansvar.

Vedtaket om godkjenning av utleige gjeld samtykke til å disponere to klasserom fram til august 2021 for utstillingar og kurs. Kunst/kultursenter på Voksa er ei publikumsretta verksemd som er meint å gå føre seg i same bygget som barnehagen.

Korona-situasjonen gjer det nødvendig at omsynet til muleg påverknad av borna si helse må vurderast. Det går ikkje fram at slike tilhøve har vore utgreidde. Utan nærare grunngjeving er det i vurderingane svara «Nei» på om utleige vil kunne ha «Konsekvensar for barn og unge».

Informanten Bjørn Våge peikar i sitt brev av 23.08.2020 til hovudutvalet at innbyggjarane, dvs. bygdefolket, burde vore høyrd i spørsmålet om framtidig bruk av skulebygningen. Han viser til at dette har vore praksis i samband med at slike lokale vert ledige som følgje av kommunale vedtak om nedlegging.

Skulen vart lagd ned frå 01.08.d.å. Einingsleiar har elles opplyst at det står føre eit betydeleg arbeid når det gjelder rydding av skulen.

Vurdering

Kontrollutvalet bør vurdere saka i høve til forvaltningslova, prinsippa for forsvarleg saksbehandling, i dette tilhøvet til overordna kommunale vedtak, jfr. vedteke utleigereglement.

Både i høve til kravet om at ei sak skal vere så godt opplyst som muleg før avgjerd blir tatt, og likeeins i høve til kommunestyret sitt reglement frå 2007, synest det å vere rett å be om ei ny vurdering i høve til pandemien som utgjer ein fåre for alle. Forvaltninga har alltid eit sjølvstendig ansvar for at saka vert opplyst.

Når kommunestyret gjennom vedteke regelverk har føresett at ansvaret for utleige skal behandlast av Samarbeidsutvalet og delegerast til einingsleiar, så må desse saksbehandlingsreglane følgjast og einingsleiar koplant inn i saka. Einingsleiar har imidlertid opplyst at ho i høve NTM si behandling ikkje har fått høve til å uttale seg slik ho har bede om. Det er ein saksbehandlingsfeil at denne instansen ikkje vart høyrd.

Grunnlaget vil vere at dersom private publikumsaktivitetar i same bygget som barnehagen på nokon måte i dagens situasjon kan svekkje tryggleiken for borna, vil aktivitetane klart vere «i strid med ... barnehagen si målsetjing», jfr. vedtekne reglar.

Det er ikkje opplyst om avtale er inngått med Karin Flatøy Svarstad som søkte om å få bruke lokala, eller i kva grad ho har innretta seg etter vedtaket den 26.08.2020 i Næring, teknisk og miljøutval. Dette vil vere naturleg å informere om i ei eventuell vidare administrativ behandling av saka.

Når det gjeld spørsmålet om kva frigjorte kommunale skulelokale bør brukast til, så synest dette å vere ei sak for kommunen som eigar. Innbyggjarane i bygda har neppe noko rettskrav på å bli høyrd i slike spørsmål då det ikkje ligg føre lovgjeving, vedtak eller avtale som sikrar nokon slik rett. Spørsmålet vil då gjelde reint politiske prioriteringar og dermed ligge utanfor kontrollutvalet sitt ansvarsområde.

Også med grunnlag i reglane om innbyggjarforslag (jfr. kommunelova § 12-1) kan nye forslag som gjeld kommunen si verksemd bli vurdert.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
51/20	033	14.10.2020	21.10.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ HOVUDVERNEOMBODET

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå hovudverneombodet og kommunedirektøren til vitende.

I møtet

Hovudverneombod i Sande kommune v/ Edvard Rekdal og kommunedirektør Anders Norvald Hammer orienterte og svarta på spørsmål.

Edvard Rekdal:

- Avviksystem.
 - Compilo, alle tilsette skal ha tilgang til systemet,
 - Det er god dekning for anonym varsling, det finnes eit eige skjema for dei som ikkje er vande med Compilo.
 - Ikkje alle melder avvik, systemet bruker for lite.
- Arbeidsmiljøundersøking
 - Arbeidsmiljø er ei ferskvare.
- Alle har eit ansvar for eit godt arbeidsmiljø.
- Hovudverneombodet har både plikt, rett og tilgang til kurs, (40 timars grunnkurs).

Anders Norvald Hammer:

- Holdar å med opplæring i Compilo, av alle tilsette.
- Arbeider med holdning til å melding av avvik.

Hovudverneombodet vart gjort merksam på at han kan invitere seg til kontrollutvalet om det er tilhøve han ynskjer å orientere om.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysning

Hovudverneombod i Sande kommune v/ Edvard Rekdal og kommunedirektør Anders Norvald Hammer er kalla inn for å gi ei orientering om hovudverneombodet si funksjon, samt svare på spørsmål.

Hovudverneombodet kan seier litt om sitt eige syn på kva som fungerer godt/mindre godt i Sande kommune ut frå desse spørsmåla:

- Er det område som dei meiner fungerer mindre bra enn andre?
- Kva område ville dei prioritere i ei eventuell kontroll

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom eventuelle spørsmål dei vil stille.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
52/20	033	21.10.2020	21.10.2020	KU

BARNEVERNSTENESTA – TILSYNSRAPPORT AV 06.07.2020

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet viser til Rapporten med den interkommunale barnevernstenesta for Hareid-Sande-Ulstein-Volda og Ørsta, og ber ordførar og kommunedirektør følgje opp over for Volda kommune at oppfølginga av påpeika lovbrøt vert følgt opp snarast.
2. Kontrollutvalet i Sande ber kontrollutvalet i Volda som vertskommunesamarbeide sitt kontrollutvalet om å fylgje opp saka.

I møtet

Kontrollutvalet viser til Rapport frå tilsyn med interkommunal barnevernstenesta for Hareid- Sande-Ulstein-Volda og Ørsta av 06.07.2020, som ligg som vedlegg under meldingar.

Kontrollutvalet synes rapporten var urovekkande og er bekymra over det som vert lagt fram i rapporten.

Møtet slutt.

Elisabeth Kirkholm
Leiar

Hilde Iren Sætre
Medlem

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Kommunedirektør – til orientering.

Ordførar – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.